



Frå Lårdalsstigen, mot Lauvik og Bandakslid. Foto: Synne Aasland

PLANSTRATEGI 2020 - 2024

Høyringsutkast, vedteke i formannskapet 02.09.20.

Planstrategien for kommunen gjer greie for kva politisk vedtekne og prioriterte satsingar og planarbeid som skal liggje til grunn for perioden. Planstrategien gjev ei oversikt over dei samla planane i kommunen og er retningsgjevande for kva som skal prioriterast. Dette gjeld både strategiar og planar for kommunen sine tenestetilbod og for arealplanar etter Plan- og bygningslova, Pbl. Planstrategi er eit lovpålagt dokument jfr. Pbl. Kapittel 10.

1. INNHALD

1. Innhald	1
2. Samandrag	2
3. Innleiing.....	2
4. Overordna føringar	3
4.1 Nasjonale forventingar	3
4.2 FN sine berekraftmål.....	4
4.3 Regionale planar og strategiar	5
5. STATUS PÅ GJELDANDE PLANAR.....	6
5.1 Styringsdokument Vest - Telemarkrådet	7
6. Prioriterte satsingsområde	8
6.1 Næring og arbeidsplassar	8
6.2 Utvikle Dalen som tettstad.....	8
6.3 Attraktive bustadtomter	9
6.4 Møteplassar; attraktive sentrum og grender	9
6.5 Folkehelse.....	9
6.6 Frivillighet.....	10
6.7 Kommuneplanen sin arealdel.....	10
6.8 Vidareføring av arealbruk i eldre planar.....	11
6.9 Arbeidet med arealdelen	11
6.10 Vurdering av behovet for revisjon av arealdelen.....	12
Arealdelen generelt	12
Byggjeområde fritidsbusetnad	12
Bustadbygging og næringsbygg i grendene	12
Villrein	13
Massetak.....	13
Skafsåheia	13
6.11 Reguleringsplanar	13
6.12 Vurdering av behovet for nye planar	14
7. prioriterte planoppgåver 2020 – 2024.....	16

2. SAMANDRAG

Planstrategien for kommunen gjer greie for kva politisk vedtekne og prioriterte satsingar og planarbeid som skal liggje til grunn for perioden. Planstrategien gjev ei oversikt over dei samla planane i kommunen og er retningsgjevande for kva som skal prioriterast. Dette gjeld både strategiar og planar for kommunen sine tenestetilbod og for arealplanar etter Plan- og bygningslova, Pbl. Planstrategi er eit lovpålagt dokument jfr. Pbl. Kapitel 10.

Planarbeid er ofte tidkrevjande, med lange prosessar, høyringa m.m. Det vil difor ofte vere det einskilde år sitt budsjett som avgjer kva planarbeid som blir prioritert.

3. INNLEIING

Gjeldande planstrategi for Tokke kommune vart vedteken i kommunestyret 22. november 2016, sak 16/64. Prioriterte planoppgåver i perioden har vore helse- og omsorgsplan, trafikksikringsplan, plan mot mobbing, plan mot vold i nære relasjonar, rusmiddelpolitisk handlingsplan, utarbeiding av plaststrategi, vedlikehaldsplan kommunale bygg samt fagplanar for kommunale vegar og maskinplan.

Formannskapet i Tokke vedtok i møte 2. september å leggjer framlegg til kommunal planstrategi ut på høyring/ offentlig ettersyn.

PBL § 10

Kommunestyret skal minst én gang i hver valgperiode, og senest innen ett år etter konstituering, utarbeide og vedta en kommunal planstrategi. Planstrategien bør omfatte en drøfting av kommunens strategiske valg knyttet til samfunnsutvikling, herunder langsiktig arealbruk, miljøutfordringer, sektorenes virksomhet og en vurdering av kommunens planbehov i valgperioden.

4. OVERORDNA FØRINGAR

4.1 Nasjonale forventningar

Regjeringa utarbeidar ein gong kvart fjerde år «Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging», sist vedteke ved kgl res. 14. mai 2019:

<https://www.regjeringen.no/contentassets/cc2c53c65af24b8ea560c0156d885703/nasjonale-forventninger-2019-nn.pdf>

Dei nasjonale forventningane her er regjeringa sitt verkemiddel for å sende signal over deira prioriterte satsingsområde, som skal leggjast til grunn for fylkestingas og kommunestyra sitt arbeid med planstrategiar og planar. Regjeringa legg vekt på at me står framfor fire store utfordringar:

- å skape eit berekraftig velferdssamfunn
- å skape eit økologisk berekraftig samfunn gjennom mellom anna ein offansiv klimapolitikk og ei forsvarleg ressursforvaltning
- å skape eit sosialt berekraftig samfunn
- å skape eit trygt samfunn for alle

For denne perioden er følgjande område prioriterte:

Planlegging som verktøy for heilskapleg og berekraftig utvikling

- FNs berekraftsmål som grunnlag for regional og kommunal planlegging
- Tydeleg retning for samfunnsutviklinga
- Effektive og kunnskapsbaserte planprosessar
- God gjennomføring av arealplanar
- Auka bruk av digitale verktøy i planlegginga

Vekstkraftige regionar og lokalsamfunn i heile landet

- Næringsutvikling gjev grunnlag for velferd
- Eit samfunn med låge utslepp, som er trygt og tilpassa klimaendringane
- Aktiv forvaltning av natur- og kulturminneverdiane
- Ressursbasert næringsutvikling

Berekraftig areal- og transportutvikling

- Styrka knutepunktsutvikling
- Meir vekt på regionale løysingar

Byar og tettstader der det er godt å bu og leve

- Opne og inkluderande
- Trygge og helsefremjande
- Kvalitet i dei fysiske omgjevnadene våre
- Levande sentrumsområde

4.2 FN sine bærekraftsmål

FN har utarbeidd 17 bærekraftsmål som skal styrke den globale utviklinga, utjevne ulikhet i samfunnet og skape ei framtid som er bærekraftig og spelar på lag med naturen.

Bærekraftmåla reflekterer dei tre dimensjonane i bærekraftig utvikling: Klima og miljø, økonomi og sosiale tilhøve. Måla skal vise veg mot ei bærekraftig utvikling på kort og lang sikt.



1. *Utrydde fattigdom: Utrydde alle former for fattigdom i hele verden*
2. *Utrydde sult: Utrydde sult, oppnå matsikkerhet og bedre ernæring, og fremme bærekraftig landbruk*
3. *God helse og livskvalitet: Sikre god helse og fremme livskvalitet for alle, uansett alder*
4. *God utdanning: Sikre inkluderende, rettferdig og god utdanning og fremme muligheter for livslang læring for alle*
5. *Likestilling mellom kjønnene; Oppnå likestilling og styrke jenters og kvinners stilling i samfunnet*
6. *Rent vann og gode sanitærforhold: Sikre bærekraftig vannforvaltning og tilgang til vann og gode sanitærforhold for alle*
7. *Ren energi til alle: Sikre tilgang til pålitelig, bærekraftig og moderne energi til en overkommelig pris*
8. *Anstendig arbeid og økonomisk vekst: Fremme varig, inkluderende og bærekraftig økonomisk vekst, full sysselsetting og anstendig arbeid for alle*
9. *Industri, innovasjon og infrastruktur: Bygge solid infrastruktur og fremme inkluderende og bærekraftig industrialisering og innovasjon*

10. *Mindre ulikhet: Redusere ulikhet i og mellom land*
11. *Bærekraftige byer og lokalsamfunn: Gjøre byer og lokalsamfunn inkluderende, trygge, robuste og bærekraftige*
12. *Ansvarlig forbruk og produksjon: Sikre bærekraftige forbruks- og produksjonsmønstre*
13. *Stoppe klimaendringene: Handle umiddelbart for å bekjempe klimaendringene og konsekvensene av dem**
14. *Livet i havet: Bevare og bruke havet og marine ressurser på en måte som fremmer bærekraftig utvikling*
15. *Livet på land: Beskytte, gjenopprette og fremme bærekraftig bruk av økosystemer, sikre bærekraftig skogforvaltning, bekjempe ørkenspredning, stanse og reversere landforringelse samt stanse tap av artsmangfold*
16. *Fred, rettferdighet og velfungerende institusjoner: Fremme fredelige og inkluderende samfunn for å sikre bærekraftig utvikling, sørge for tilgang til rettsvern for alle og bygge velfungerende, ansvarlige og inkluderende institusjoner på alle nivåer*
17. *Samarbeid for å nå målene: Styrke virkemidlene som trengs for å gjennomføre arbeidet og fornye globale partnerskap for bærekraftig utvikling*

(Kjelde: www.regjeringen.no)

4.3 Regionale planar og strategiar

Fylkeskommunen skal ta initiativ, mobilisere og stimulere aktørar til å dra saman mot felles mål. Regionale planar gjev rammer for utvikling og forvaltning i Vestfold og Telemark og skal leggast til grunn for kommunale planar. Saman med gjeldande vedtekne regionale planar, følger det gjerne med eit handlingsprogram.

Vedtekne planar og strategiar for Vestfold og Telemark, finn du her:

<https://www.vtfk.no/meny/politikk/regionale-planer-og-strategier/>

Dei nasjonale forventingane saman med regionale satsingsområde, gjev viktige føringar for kommunane sine planstrategiar. For Tokke gjev kommuneplanen sin samfunnsdel frå 2016 greie for status innanfor viktige samfunnsområde med prioriterte, langsiktige strategiar og satsingsområde.

5. STATUS PÅ GJELDANDE PLANAR

Plan/ avdeling Tema	Gjeldande plan, år	Evaluering/ status
Rådmannen/ sentral		
Kommuneplanens samfunnsdel	2016	Rullerast ved behov. 12-årsperspektiv på planen.
Beredskapsplan/ ROS - analyse	2015	Ros – analysa skal reviderast hausten 2020
Handlingsprogram/ Økonomiplan	2020-2024	Pålagt. Fireåring økonomi- og budsjettplan, med årleg budsjett og handlingsprogram.
Kompetanseplan	2013	Under handsaming
Arkivplan	2015	
HMS planar	2018	Rullering av handlingsplanar kvart 4. år eller etter behov
IA- plan		Utgått pga ikkje lengre relevant
Kommunikasjonsplan	2016	Rullerast etter behov
Handlingsplan mot vald i nære relasjonar	2018	

Plan, næring og teknisk		
Landbruksplan	2016	Rullering er i gang, venta vedteken i løpet av 2020
Klimaplan	2009	Bli erstatta av ny, regional klimaplan som er under utarbeiding
Plan for forvaltning av hjortevilt	2016	Gjeld ut 2020
Plaststrategi	2018	
Næringsplan	2016	Tenkt starta rullering 2020 - 2021
Trafikksikringsplan	2018	Rullering i 2022
Skiltplan	Ny plan	Starta opp
Hovedplan for VA på Dalen	Ny plan	Påbyrja
Vedlikehaldsplan for kommunale bygg og anlegg	2019	Årleg vurdering i samband med budsjett
Vegplan for kommunale vegar	2018	Årleg vurdering i samband med budsjett
Maskinplan teknisk	2018	Årleg vurdering i samband med budsjett,
Arealplanar		
Arealdel av kommuneplan	2005	Skulle ha vore starta opp i denne perioden
Gjeldande reguleringsplanar finn ein her: https://www.tokke.kommune.no/reguleringsplanar.491620.nn.html		
Sti- og løypeplan Setesdal austhei	Ingen	Burde ha vore utarbeidd jfr retningslinjer i regionalplan for Setesdal austhei villreinområde - Heiplanen

Oppvekst, kultur og idrettsetaten		
Utviklingsmål for barnehage og skule	2007	Reviderast i 2020
Utviklingsplan for barnehage og skule	2008	Reviderast i 2021
Plan mot mobbing	2020	Rullerast årleg/ ved behov.
Barne- og ungdomsplan	2014	Revidert plan venta vedteken i 2020
Plan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv	2014	Revidert plan venta vedteken i 2020

Helse - og omsorgsetaten		
Helse- og omsorgsplan	Ny	Vedtastast hausten 2020
Rusmiddelspolitisk handlingsplan	2017	Rullerast i 2020
Folkehelseplan	Ny	Har ikkje hatt kapasitet til å lage plan
Bustadsosial handlingsplan	2008	Har ikkje hatt kapasitet til å lage plan
Plan om helsemessig og sosial beredskap	2012	Rullerast kvart år

5.1 Styringsdokument Vest - Telemarkrådet

Følgjande dokument legg føringar for arbeidet i Vest-Telemarkrådet.

- Budsjett (årleg)
- Arbeidsprogram (to-årig)
- Delegeringsreglement
- Prosedyrer for arbeidet i Vest-Telemarkrådet
- Vedtekter for Telemark utviklingsfond (TUF)

Meir informasjon om desse finn du her:

<https://www.vt-radet.no/om-radet/styringsdokument/>



6. PRIORITERTE SATSINGSOMRÅDE

6.1 Næring og arbeidsplassar

Arbeidet med næringsetableringar, tilrettelegging av næringsareal og arbeidsplassar er høgt prioritert i Tokke. I sist periode blei det prioritert stillingar som nærings- og samfunnsutviklar samt skog- og utmarksforvaltar. Nye, regulerte næringsareal på Høydalsmo er opparbeidd og Tokke kommune har vore ein aktiv medspelar når det gjeld kjøp, tilrettelegging og vidaresal av næringsbygg; ABB-bygget på Dalen og Tokkestad-anlegget.

6.2 Utvikle Dalen som tettstad

Samfunnsdelen har eit punkt under 5.1.2 som seier at Dalen, med sine kvalitetar m.a. med gang- og sykkelavstand til viktige samfunnsfunksjonar, skal utviklast og marknadsførast som kompakt og miljøvenleg tettstad.

Attraktive og klimavennlege by- og tettstadsområde er eit nasjonalt og regionalt satsingsområde. Den kommunale planlegginga må leggje til rette for nok og variert bustadbygging, lokalisert ut frå omsynet til samordna bustad-, areal- og transportplanlegging. Høg arealutnytting rundt kollektivknutepunkt med fokus på sykkel og gange i dagleglivet er eit viktig fokusområde for utviklinga vidare

Kommunane bør ha ein aktiv og heilskapleg sentrumspolitikk for å skape eit godt og levande bymiljø. Kommunane legg til rette for etablering av bustader, arbeidsplassar, handel, service og sosiale møteplassar i sentrum. Ein bør leggje vekt på å få til eit forpliktande samarbeid mellom kommunen og det private næringslivet.

Arkitektur, kulturminne, landskapsverdiar, vatn og grønne element blir tekne aktivt i bruk som ressursar i sentrumsutviklinga. Kommunane tek vare på naturverdiane og legg til rette for fysisk aktivitet og trivsel for heile folket ved å sikre samanhengande grønne strukturar, opne vassveggar og nær tilgang til område for lek, idrett, rekreasjon og

PLANSTRATEGI 2020 - 2024

TOKKE KOMMUNE

UTDRAG FRÅ RETTLEIAR, Kommuneplanen sin arealdel, T - 1491:

Kommunal planstrategi er viktig fordi den gir kommunen mulighet til å revidere, systematisere og prioritere den kommunale planleggingen. Gjennom dette arbeidet kan man sikre relevans og politisk forankring for det kommende planarbeidet.

Planstrategien og det underliggende datagrunnlag er et godt verktøy for å sikre at politikere og innbyggere får en oversikt over og en kunnskap om hva som er kommunens utfordringer.

nærfriluftsliv. Kommunane skal sikre trygge og helsefremjande bu- og oppvekstmiljø, frie for skadeleg støy og luftforureining.

6.3 Attraktive bustadtomter

Korleis skape større bustadattraktivitet? Særleg på Høydalsmo og Dalen bør det i større grad leggjast til rette for nye, attraktive bustadtomter. Vi treng kanskje å satse på noko verkeleg nytenkande for å få vekst i bustadbygginga i kommunen.

6.4 Møteplassar; attraktive sentrum og grender

Fokus på utvikling av møteplassar har vore ein viktig del av bulystprosjektet Dalen + som vart avslutta i 2015. Det same gjeld ein stor del for Lårdal Liv laga, der Lårdal vel m.a. arrangerar tilstelningar og arrangement, slik som Lårdalsstigen.

Vi rår ikkje til at det blir sett i gang nye bulyst/ «møteplass» - prosjekt i denne perioden, men i staden søkje gode samarbeid med frivillige – og søkje å halde oppe og vidareutvikle det som alt er etablert i sentrum og i bygdene.

6.5 Folkehelse

Folkehelsearbeid har framleis stort fokus i offentleg forvaltning på tvers av fagområde, noko òg samfunnsdelen legg vekt på.

Folkehelseplan har ikkje blitt prioritert som eigen plan, men skjer på tvers i tverrfaglege samarbeid. Vi har eit godt utbygd turvegnett, både sentrumsnært og i bygdene, mykje er drifta gjennom frivillige lag. Nytt treningsrom i Tokkehallen – Tokkegym, er oppgradert i perioden. Tokke har mange gode anlegg for idrett og fritidsaktivitetar.

PBL § 11

§ 11-1. Kommuneplan

Kommunen skal ha en samlet kommuneplan som omfatter samfunnsdel med handlingsdel og arealdel.

Kommuneplanen skal ivareta både kommunale, regionale og nasjonale mål, interesser og oppgaver, og bør omfatte alle viktige mål og oppgaver i kommunen. Den skal ta utgangspunkt i den kommunale planstrategien og legge retningslinjer og pålegg fra statlige og regionale myndigheter til grunn.

6.6 Frivilligheit

Tokke frivilligsentral starta opp 01.01.2019. Hausten 2020 skal arbeidet som er gjort fram til nå, evaluerast.

Frivilligsentralane er nå sikra finansiering ut 2021, men det har kome signal frå regjeringa om endra finansiering, som kan gjere det vanskeleg å drive vidare i det omfang den har i dag.

Frivilligheit bør uavhengig av dette vere eit vitig tema for samfunnsutvikling i åra som Arealplanar

6.7 Kommuneplanen sin arealdel

Gjeldande arealdel av kommuneplanen vart vedteken 13.09.05. med eit tidsperspektiv på 2005 – 2017. Tidsperspektivet på langsiktige planar er vanlegvis sett til 12 år og er ikkje å sjå på som kor lenge planen er gyldig. Arealdelen til kommuneplanen er eit verkty for å gjennomføre samfunnsdelen. Arealdelen skal vise samanhengen mellom samfunnsutviklinga som er handsama i samfunnsdelen og korleis areala samla sett bør disponerast for å løyse kommunen sine oppgåver og behov. Ved revisjon av arealdelen vil eit godt råd vere å gjere ein grundig jobb med å definere og avgrense kva planrevisjonen skal omfatte. Dette vil gjere det lettare for kommunen å gjennomføre planarbeidet utan alt for stor ressursbruk og innan rimeleg tid.

Det er store forskjellar mellom kommunane i Telemark på kor ofte kommuneplanen vert revidert, og kor oppdaterte planane er. Etter nye lovreglar i 2008, er det planstrategien som skal vurdere behovet for revisjon av kommuneplanen, eller delar av den. Nokre kommunar vel å utarbeide nye kommunedelplanar for dei delane av kommunen med størst utbyggingsbehov, framfor å oppdatere heile arealdelen. Overordna myndigheiter ynskjer derimot at kommunane helst reviderar arealdelen meir jamleg, slik at nye overordna føringar, lovverk m.m. vert lagt til grunn og reflekterar dei nye kommuneplanane.

[Rettleiar kommuneplanens arealdel](#)

PLANSTRATEGI 2020 - 2024

TOKKE KOMMUNE

Pbl. § 11- 5

Kommuneplanens arealdel

Kommunen skal ha en arealplan for hele kommunen (kommuneplanens arealdel) som viser sammenhengen mellom framtidig samfunnsutvikling og arealbruk. Det kan utarbeides arealplaner for deler av kommunens område.

Kommuneplanens arealdel skal angi hovedtrekkene i arealdisponeringen og rammer og betingelser for hvilke nye tiltak og ny arealbruk som kan settes i verk, samt hvilke viktige hensyn som må ivaretas ved disponeringen av arealene. Kommuneplanens arealdel skal omfatte plankart, bestemmelser og planbeskrivelse hvor det framgår hvordan nasjonale mål og retningslinjer, og overordnede planer for arealbruk, er ivaretatt.

Kommunen kan etter vurdering av eget behov detaljere kommuneplanens arealdel for hele eller deler av kommunens område med nærmere angitte underformål, jf. §§ 11-7 til 11-1

6.8 Vidareføring av arealbruk i eldre planar

Når det gjeld vidareføring av byggjeområde som ikkje er utbygde eller reguleringsplanar som ikkje er realiserte, må kommunane gjennom revisjonen av arealdelen vurdere desse områda opp mot endringane i areal- og miljøpolitikken, ny kunnskap om naturmangfald m.m. Byggjeområde eller reguleringsplanar som ikkje er utbygde, og som er i strid med ny/ endra areal- og miljøpolitikk eller ny kunnskap, bør ikkje vidareførast frå gjeldande kommuneplan, men heller takast ut av planen. Motsegnretten til Fylkesmannen mot eventuelle konflikhtar med nasjonale eller viktige regionale interesser, også i slike vidareførte byggjeområde, er ikkje er avskoren (jf. pbl. §§ 5-4 og 5-5).

6.9 Arbeidet med arealdelen

Grunnlaget for gode planprosessar vert lagt allereie i starten, og eit godt råd er å investere tid og ressursar i ein tidleg fase av planarbeidet. Arealdelen til kommuneplanen er omfatta av plan- og bygningslova sitt krav om konsekvensutgreiing. Det vil seie at det ved utarbeiding, revisjon og endringar i arealdelen, skal utarbeidast forslag til planprogram som skal leggjast til grunn for det vidare planarbeidet. Dette gjeld sjølv om det ved varsel om oppstart av planarbeidet ikkje er konkrete forslag til nye byggjeområde.

[Rettleiar om konsekvensutgreiing av arealdelen til kommuneplanen](#)

Revisjon av arealdelen, med dei krava som er stilte til utgreiingar og analysar, vil vere ein omfattande jobb. Det er difor svært viktig å med utgangspunkt i samfunnsdelen bruke planprogrammet til å definere og avgrense kva som skal vere innhaldet i revisjonen av arealdelen. I dette arbeidet vil det vere viktig å avklare kva slags byggjeformål og utvikling den aktuelle kommuneplanrevisjonen skal leggje til rette for. Her kan kommunen vere så konkret som å skrive at formålet med revisjonen er å leggje til rette for t.d. bustader og næringsareal. Ei konkret avgrensing av revisjonsarbeidet vil vere nyttig både for kommunepolitikarar, for sentrale styresmakter og for private.

Kommunen får i samband med revisjon av arealdelen som regel inn eit stort tal private ønskje om utbygging til ulike formål. Viss innhaldet i revisjonsarbeidet ikkje er definert eller avgrensa vil det kunne opne for private innspel om alle typar utbyggingsformål. Gitt at kommunen i samband med oppstart av planarbeidet og i planprogrammet t.d. ikkje har med hyttebygging som tema for revisjonen, vil det venteleg avgrense talet på private innspel om nye hytteområde. Viss det likevel kjem innspel om hytteområde, kan kommunen enkelt avvise desse med tilvising til avgrensinga av revisjonen nedfelt i planprogrammet. Ei slik avgrensing og presisering på kva revisjonen av

arealdelen skal omfatte vil gjere det lettare for kommunen å klare å gjennomføre planarbeidet utan alt for stor ressursbruk og innan rimeleg tid. For utarbeiding og høyring av planprogram viser vi til §§ 5 og 6 i *Forskrift om konsekvensutredningar for planer etter plan- og bygningsloven*, og til vedlegg IV om *Rammer for innhold i konsekvensutredningen*, der eksempel på viktige vurderingstema er lista opp. I forskrifta § 7 går det fram kva eit planforslag med konsekvensutgreiing skal innehalde.

6.10 Vurdering av behovet for revisjon av arealdelen

AREALDELEN GENERELT

Nye lovar og reglar frå 2008 gjer til at alt av plankart og føresegner, samt utgreiingskrav og krav om planmateriale, slår inn ved revisjon. Dette krev mykje arbeid, men gjev oss ein oppdatert arealdel. Gjeldande arealdel, med plankart, føresegner m.m. finn ein her:

<http://www.tokke.kommune.no/administrasjon-og-planar/arealplanar/kommuneplanens-arealdel>

Arbeidet med arealdelen skulle ha vore i gang, men er stadig utsett grunna mangalnde kapasitet og økonomiske ressursar. I samband med budsjettarbeid må midlar og kapasitet i administrasjonen prioriterast.

BYGGJEOMRÅDE FRITIDSBUSETNAD

I gjeldande arealdel er det lagt ut store utbyggingsområde frå Grimdalen – Hallbjønnsekken på Skafsåheia. Desse kan søkjast vidareført i samband med evt revidering, men det kan skje at overordna føringar gjev reduksjon i desse byggjeområde. Omfang på utbyggingsområde skal tilpassast behov og utbyggingstakt.

BUSTADBYGGING OG NÆRINGSBYGG I GRENDENE

Område for spreidd utbygging i grendene opnar i gjeldande plan for frådeling/ etablering av bustader og yrkesbygg (næringsbygg), etter nærare vurdering av visse kriteria knytt til jordlov, avkøyring m.m. Ein revisjon av arealdelen kan vere med å peike ut meir eksakte tomter som gjennom arealdelen vert godkjent til utbygging, noko som vil vere ein fordel for å kunne profilere ledige tomter i kommunen. Samstundes veit vi erfaringsmessig at interessentar av tomter, gjerne har sine eigne preferansar på kvar dei vil byggje og det å opne for ei vurdering ut frå retningsliner slik det ligg i dag, kan vere ein fordel.

VILLREIN

Regionalplan for Setesdal austhei, kalla Heiplanen, må i samband med revisjon av arealdelen implementerast i Tokke. Det vil seie at t.d. område som er lagt som «nasjonalt villreinområde» ikkje vil kunne opnast for t.d. hyttebygging.

MASSETAK

Forenkling av søknadsprosess kring mindre, etablerte massetak, er eit aktuelt tema å ta med seg i ein mogleg revisjon av arealdelen. I dag ligg mange av desse i LNF – område, der det føreset prosessar og ofte regulering, for å kunne ta dei i bruk. Kartlegging og ei overordna vurdering av desse, med føresegner og retningsliner kring uttak og drift, kan leggjast direkte i arealdelen.

SKAFSÅHEIA

Framlegg til kommunedelplan for Skafsåheia vart sendt på høyring i 2010 – 2011. Det kom motsegn til at eit nytt område nordaust for Hallbjønnsekken vart lagt ut til byggeområde, av omsyn til landskapsinteressene. Utgreiing av avlaup knytt til kommunen sitt anlegg og kapasiteten på dette, er under utgreiing. Vidare arbeid med kommunedelplanen etter 2011 vart difor lagt på vent. Innhaldet som var med i kommunedelplanen for Skafsåheia kan overførast i ny, revidert arealdel, dersom den skal prioriterast i perioden.

6.11 Reguleringsplanar

Det meste av gjeldande reguleringsplanar i Tokke er fremja privat for utbygging av fritidsbustader. Desse vert søkt revidert gjennom private framlegg i samband med ynskjer om endringar i dei vetekne planane. I tillegg har vi fleire reguleringsplanar for masseuttak og to reguleringsplanar for sikring av kulturverdiar/ vern: Rui vedteke 22.05.2005 og Vest – Telemark museum frå 06.04.2010.

Av kommunale reguleringsplanar, dvs planar som kommunen har utarbeidd som verktøy for utvikling av sentrumsområde, areal til bustader m.m. har vi desse reguleringsplanane i Tokke:

Sentrumsområder - Bustad, næring, industri m.m				
Planidentitet	Namn	Vedteken dato	Plankart	Føresegner
20050004	<u>Dalen</u>	20.05.2005	<u>Plankart</u>	<u>Føresegner</u>
19970001	<u>Høydalsmo Sentrum</u>	28.04.1997	<u>Plankart</u>	<u>Føresegner</u>
20110002	<u>Høydalsmo Aust</u>	22.11.2011	<u>Plankart</u>	<u>Føresegner</u>
19900001	<u>Lårdal</u>	27.11.1990	<u>Plankart</u>	<u>Føresegner</u>
19780001	<u>Åmdals verk</u>	01.01.1978	<u>Plankart</u>	<u>Føresegner</u>

Reguleringsplan for Dalen er ein stor, samla plan for heile Dalen som tidlegare utgjorde mange, mindre planar.

Reguleringsplan Høydalsmo aust legg til rette for utvikling av næring, handel/ forretning/ industri, leilegheiter m.m. og er frå 2011. Planen er handsama etter nytt lovverk knytt til konsekvensutgreiingar m.m. For resten av Høydalsmo sentrum, med skule og bustadfelt, er gjeldande reguleringsplanen frå 1997. I Høydalsmo er det behov for nye, attraktive bustadtomter. Ein revisjon av reguleringsplanen frå 1997, evt med ei samanslåing av planen frå 2011, burde prioriterast med tanke på å få fram nye, attraktive bustadtomter som kan gje busetjing og etableringar i kommunen og regionen vår.

Både reguleringsplan Dalen og reguleringsplan Høydalsmo sentrum, var prioriterte i planstrategien for 2016 – 2020, men har pga manglande ressursar ikkje vore gjennomført. Arbeid med endring for ein del av Dalen sentrum blei starta opp i 2018, med tanke på omregulering for leilegheiter ved parkeringsplassen på Tangane. Arbeidet blei stoppa opp etter innspel om nye, alternative tomter for leilegheiter frå ein aktuell utbyggjar. Etter politiske signal, har arbeidet etter dette ikkje blitt starta opp att. Me rår til at det blir sett i gang arbeid med revisjon av heile planen for Dalen sentrum. Det er behov for å regulere nye bustadtomter/ - område, område for leilegheiter, revidere plan i høve til flaumsikring, turveggar, m.m. I Høydalsmo er det eit stort behov for fleire attraktive bustadtomter og erverv av nye areal til dette. Både Dalen og Høydalsmo bør i gang med reguleringsarbeid snart og det må setjast av økonomiske ressursar til arbeidet.

6.12 Vurdering av behovet for nye planar

Ved gjennomgang av behovet for nye planar i organisasjonen, ser vi at det få nye planar som vi treng i den perioden me er inne i. Slutføring av det som er i gang, samt behov for revisjon av arealplanar, er det behovet vi ser i størst grad.

Løypeplan for Tokke sin del av Setesdal austhei villreinområde

Reginal plan for Setesdal Austhei villreinområde (Heiplanen), seier dette:

Ved revidering av kommuneplan skal det - i samarbeid med regionale myndigheter - vurderes utarbeiding av kommunale sti- og løypeplaner med rekkefølgekrav til nye og eksisterende hytte- og reiselivsområder under utvikling.

Me har mange stiar og løyper i fjellområda på Skafsåheia – Byrte; toppturar, DNT – løyper, oppkøynde skiløyper m.m. som burde ha vore samla i ein plan og gjeve retningsliner for. Vandring er

ein veldig viktig aktivitet både for fastbuande og tilreisande, og både sikring av løyper samt samarbeid med reiselivsnæringa og grunneigarar, er viktig for å sikre framtidretta løysingar.

Samfunnsdelen av kommuneplan til Tokke seier vidare at:

Forvaltning av naturverdiane, som til dømes storaurestamma i Tokkeåi og villreinen i Heiplanområdet, skal byggjast på fagleg dokumentert kunnskap og eit godt samarbeid mellom relevante aktørar og grunneigarar».

Me meiner difor at ny Sti- og løypeplan bør lagast i perioden.

Kulturplan

OKI – etaten meiner det er trong for ein heilskapleg plan for kultur- og idrettsområdet. Tokke kommune brukar store ressursar på desse felta, og ei synleggjering av dette saman med prioriteringar og strategiar, bør samlast i ein plan.

Kulturminneplan

Fylkeskommunen og Riksantikvaren har gjennom fleire år hatt ei satsing på at kommunane skal lage kulturminneplanar: *Kulturminneplanen skal inneholde en liste over prioriterte kulturminner som kommunen vurderer som kommunalt verneverdige og som skal bevaras og forvaltes på en god måte. Arbeidet med kulturminneplan er avhengig av kjennskap til kulturminnene og innsikt i lokalhistorien. Det vil være nødvendig å gå gjennom eksisterende registre og databaser for kulturminner.*

Tokke kommune har ikkje eigen kulturminneplan, og det er ikkje kapasitet eller kompetanse retta særskilt mot dette fagområdet.

7. PRIORITERTE PLANOPPGÅVER 2020 – 2024

Revisjon/ utarbeiding, år	2020	2021	2022	2023
Rådmannen/ sentraladministrasjonen				
Arkivplan, revisjon		X		
ROS – analyse beredskap	X			
HMS - planar			X	
Handlingsplan mot vald i nære relasjonar	Skal følgast opp/ lagast handlingsprogram for kvar sektor			
Plan, næring og teknisk etat				
<i>Juridisk bindande arealplanar:</i>				
Arealdelen			X	
Sti- og løypeplan Setesdal Austhei			X	
Reguleringsplan Dalen		X		
Reguleringsplan Høydalsmo		X		
Reguleringsplan Åmdals Verk		X		
<i>Tematiske planar/ sektorplanar</i>				
Landbruksplan		X		
Næringsplan		X		
Plan for forvaltning av elg og hjort	X			
Maskinplan			X	
Vegplan			X	
Vedlikehaldsplan			X	
Trafikksikringsplan				X
Regional klimaplan		X		
Oppvekst, kultur og idrettsetaten				
Plan for kultur og frivilligheit		X		
Utviklingsmål for barnehage og skule	X			
Utviklingsplan for barnehage og skule		X		
Helse- og omsorgsetaten				
Rusmiddelpolitisk handlingsplan	X			
Folkehelseplan/ - strategi (ny)			X	
Bustadsosial handlingsplan		X		